




STRYN KOMMUNE

MØTEBOK



SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 226/04	Formannskapet	03.11.2004

Ref: 2004001910 -3 Ark. 020

Sakshandsamar: Harald Risnes

NOU 2004:13 - Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning - Høyring.

Presentasjon:

Det har i lenger tid vore arbeidd med ei omfattande reform av dei offentlege velferdsordningane. Eit forslag til samordning av dei to statlege etatane, trygd og Aetat, og dei kommunale sosialtenestene – NOU 2004: 13 – er no ute til høyring.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Pressemelding frå Sosialdepartementet 29.06.04.
- Presentasjon av utvalet si innstilling.
- Reaksjonar frå Kommunenes Sentralforbund (KS) på utvalet si innstilling (2 vedlegg).
- Vedtak i KS-sentralstyre 12.10.04 vedkomande utvalsinnstillinga.
- Forslag til fråsegn til utvalsinnstillinga frå KS Hordaland.

Ikkje vedlagt:

- Samandrag av NOU 2004: 13 – Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Saksopplysningar:

Stortinget handsama St.meld. nr. 14 (2002-2003) Samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta 13. mai 2003. Stortinget vedtok å sende stortingsmeldinga tilbake til Regjeringa og bad samtidig Regjeringa greie ut ulike modellar for ein velferdsetat samansett av dagens Aetat, trygdeetaten og sosialtenesta. Regjeringa oppnemnde med bakgrunn i dette eit utval som fekk som mandat å greie ut ei organisasjonsløyning.

Utvalet si utgreiing ligg no føre der det vert gjort framlegg om ein ny arbeids- og velferdsforvaltning – sjå pressemelding frå Sosialdepartementet og utvalet sin presentasjon av utgreiinga som ligg ved.

Utvalet har med bakgrunn i samfunnsmessige utfordringar, i måla som er sette for ei organisasjonsreform, og i reformbehovet, lagt følgjande krav til organisasjonsmodellar:

- Organiseringa må gje forsterka kraft i arbeidet med å få fleire i arbeid og aktiv verksemd, og færre på trygd og sosialhjelp.
- Ny organisering må legge til rette for brukarretting og brukarmedverknad og sikre at brukarane som har behov for slike typar arbeids- og velferdstenester og/eller ytingar samtidig, får eit heilheitleg og samordna tenestetilbod.
- Ny organisering må legge til rett for å realisere effektiviseringsgevinsten.

Utvalet har serleg vurdert fire hovudmodellar som alle samlar oppgåvene knytt til arbeidslinja for tenester og ytingar som har med arbeid og redusert arbeidsevne å gjere. Arbeidsområdet vil strekke seg frå arbeidsformidling til uførepensjon. Modellane er:

- Ein statleg arbeidslinjemodell, med ein statleg etat for arbeid og inntekt og ein statleg etat for pensjonar.
- Ein kommunal arbeidslinjemodell, der ansvaret for arbeidslinja vert samla i kommunane, og ein statleg pensjonsetat.
- Ein modell som samlar alt ansvar i ein statleg etat.
- Ein modell som samlar alt ansvar hos kommunane.

Utvalet tilrår førstnemnde hovudmodell. Denne føreset at kommunane framleis skal ha ansvar for sosialhjelp til dei som ikkje er reelle arbeidssøklarar, og at det vert samlokalisering med den kommunale sosialkontortenesta.

Vurdering:

Reaksjonane på utvalet sitt forslag er mange: Eit forslag som ikkje får fleire i arbeid. Nærheit til brukarane vil få fleire i arbeid. Den kommunale arbeidslina er den beste for ei meir effektiv iversetjing av arbeidslinja – sjå fråsegner og vedtak frå KS. Sjå og kommentarar til Rattsutvalet si innstilling frå KS Hordaland, som peikar på viktige problemstillingar i tilhøvet mellom den ”nye” statlege arbeids- og inntektsetaten og den kommunale sosialkontortenesta, der det framleis vil vere to etatar, gråsoneklientar og kastballproblematikk.

Ut frå utvalet sitt forslag vil arbeid/inntektsetaten og sosialkontora få overlappande målgrupper utan nokon felles overordna leiing. Kommunane får ansvaret for sosialkontora, men arbeid/inntektsetaten vert føreslege lagt til staten. Dermed blir det heller ikkje etter utvalet sitt forslag noko politisk eller administrativt organ som har ei heilskapleg oversikt eller høve til å koordinere heile spekteret av ytingar og tiltak. Administrativt kan handsaminga av supplerande ytingar no verte langt meir arbeidskrevjande.

Ved einskapleg system/tenester vil ein kunne redusere kasteballproblematikken, auka stabilitet mellom sakshandsamar og klient, redusere stigmatisering og det at ein veltar kostnader over på ein annan instans og redusere administrative kostnader.

Det opphavlege mandatet var å utgreie einskapleg teneste, noko innstillinga ikkje oppfyller slik den no ligg føre.

Utvalet seier sjølv av den kommunale arbeidslinja har desse fordelane:

- Brei samling av verkemidla knytt til arbeidslinja.
- Godt grunnlag for etablering av ei brukarretta førstelinje.
- Nærheit og politisk forankring.

Utvalet har likevel valt å legge vekt på:

- Nasjonal arbeidsmarknadspolitik og arbeidsformidling.
- Kommunegrensene reflekterer ikkje næringsliv og arbeidsmarknader.
- Regelstyret ordningar utløyser ikkje dei sterke sidene ved å legge ansvaret til kommunane.

Etter rådmannen si vurdering vert utvalet sine innvendingar mot kommunemodellen for sterkt vektlagt i høve til fordelane i modellen. Overføring av ei rekke sterkt reglestyrte og rettighetsorienterte ytingar, og ansvaret for ivaretaking av nasjonale omsyn i arbeidsmarknadspolitikken, vil rett nok krevje ei betydeleg statleg styring av kommunane, men dette er ikkje sterke nok grunnar til å setje fordelane ved kommunemodellen til side. Faren kan ligge i at finansieringssystemet, som staten styrer, ikkje vil gje rom for at ein kommunal modell kan fungere optimalt.

Faren er elles at den tilrådde modellen vi føre til b-stempel på dei som ikkje vert definerte som arbeidssøklarar, og at økonomiske ressursar vert tekne frå kommunane og "overført" til staten.

Rådmannen sin konklusjon er at KS sin kommunemodell må vert lagt til grunn for det vidare samordningsarbeidet av Aetat, trygdeetat og sosialtenesta. Her ligg likevel eit stort utviklingsarbeid særleg på naudsynt samordning av arbeidsmarknadstiltak innan dei einskilde bu-, arbeids- og sørvisregionane. Det bør difor setjast i gang prøveprosjekt på dette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


Med utvalet sitt forslag til organisasjonsmodell for arbeids- og velferdsforvaltninga vil kommunen si viktige rolle som lokal samordnar for velferdsinnsatsen og arbeidslinja verte redusert. Samordning lokalt og tilpassingar i kommunane for ulike tiltak er avgjerande for å få sett i verk arbeidslinja. Utan denne samordningskrafta vil resultata framleis kunne vere trygdelinja og fleire passive stønader. Stryn formannskap sluttar seg difor til hovudtrekka i KS sin kommunemodell og ber om at denne vert lagt til grunn i det vidare samordningsarbeidet av Aetat, trygdeetat og sosialtenesta. For å få til gode løysingar bør det setjast i gang prøveprosjekt på kommunemodellen.

Handsaming i Formannskapet 03.11.2004.

FO-226/04 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.


Harald Risnes

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Sosialdepartementet
KS Sogn og Fjordane
Kommunenes Sentralforbund
Nordfjordkommunane